

Rettferds-soli.

Fram mot joli vender soli, og det ber mot vår.  
Livet sprengjer alt som stengjer, og or gravi står.  
Dødens makt skal brytast ned. Livet spira skal i fred.  
Frukter bera, Gud til sera, som med makti rår.

Atti, dåra gjekk i snåra ormen hadde sett.  
Alle skapte, vart fortapte. Sveik sin barnerett.  
Vende kvar sin eigen veg, med den vonde millom seg.  
Dødens ande rådde lande. Myrkret fallso tett.

Syndi skitna. Bandet slitna millom Gud og mann.  
Syndehugen rådde mugen. Satan hjarto vann.  
Atti vart i lekkjor lagt under denne myrke makt.  
Hjartedøden, syndebrøden, ingen måla kan.

Hjarto sukka etter lukka midt i nederlegg.  
Syndi dåra, reiv og såra. Atti blør av slag.  
Ormen beit og gifti brann, medan sjæleblodet rann.  
Syndedomen no var komen. Slutt var Edens dag.

Rettferdssoli rann i joli. Skin frå Betlehem.  
Liv og helsa. Fred og frelsa gjev ho kvar ho kjem.  
Midt i vinter vert der vår. Dag der vert, der myrkret rår.  
Såri grøder Han som bløder i Jerusalem.

Johs. M. L. Rydland.